

BOOK MESSA

i Hallingdal 2017

Fredag 17. november | Laurdag 18. november



Programleiar: Arne Horge

Arrangør:

Biblioteka i Hallingdal
i samarbeid med Norli Ål

Bokmessa i Hallingdal er støtta av:



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

Gratis
barneprogram!



ODVEIG KLYVE (DIKT), ERLEND APNESETH OG STEPHAN MEIDELL (MUSIKK): LA OSS TA DEN BLÅ HIMMELEN MED STORM

Odveig Klyve framfører tekstar frå diktsamlinga «La oss ta den blå himmelen med storm» saman med musikarane Erlend Apneseth og Stephan Meidell. Dikta fortel historia om utbygginga av monsternastene i Hardanger og tematiserer konflikt mellom menneske og natur. Musikken vekslar mellom det komponerte og improviserte og blir framført på hardingfele, gitar og elektronikk.



THOR WARBERG: HALLINGBAND I 100 ÅR

Bygdesogeforfattaren og kulturarbeidaren Thor Warberg har no skrive lokal musikkhistorie. Gjennom tekst og bilete har han dokumentert verksemda til band, orkester og artistar i Hallingdal dei siste hundre åra. Ulike sjangrar som jazz, pop, gamaldans, rock og metall er med. Med seg til Bokmessa har han ikkje mindre enn to band – eitt av dei yngste og eit veteranband!



BERGLJOT KASLEGARD: DET SOM NESTEN ER SANT

Bergljot Kaslegard har skrive sin femte roman, «Det som nesten er sant». Denne gongen handlar det om Bodvar, mannen til Magda i romanen «Magda». Han ligg på det siste på sjukeheimen. Korleis gjer ein opp status for eit liv? Monica Isakstuen kjenner Bergljot Kaslegard og forfattarskapet hennar godt. Me gler oss til at ho skal bokbade Bergljot.



MONICA ISAKSTUEN

Monica Isakstuen vann i fjor den gjeve Brage-prisen i skjønnlitteratur for romanen «Vær snill med dyrene». Hovudpersonen er skilt og mor til ei tre år gammal jente som no skal ha delt bustad. Isakstuen behandlar temaet med originalitet, sårheit og innsikt. I år har Isakstuen gitt ut diktsingelen «Anstendig og verdighet». Hør Isakstuen fortelje om sitt eige forfattarskap.

INGUNN THON: OLLIS – FOR VAKSNE

Ingunn Thon frå Ål, kjent som programleiar og dokkespelar i NRK Barne-TV, har debutert som barnebokforfattar. Dagbladet har kalla «Ollis» for ei uvanleg sjarmerande barnebok, og boka er alt nominert til fleire prisar. Ingunn vil prate om dobbeltadresse i barnelitteraturen, altså når forfattere vender seg både til barn og til vaksne. Ho tek utgangspunkt i nettopp «Ollis».



GEIR LUNDESTAD: DRØMMEN OM FRED PÅ JORD

Geir Lundestad er professor i historie og har 25 år bak seg som direktør på Det norske nobelinstituttet. I «Drømmen om fred på jord: Nobels fredspris fra 1901 til i dag» skriv han om dei kontroversielle tildelingane, dei populære, dei viktige og dei som vart gløymt. Høyr denne kunnskapsrike og frittalande nordlendingen på Bokmessa.

OPEN POST: LOKALE BØKER OG CD-AR PÅ 5 MINUTT

Eit knippe av årets lokale utgjevingar blir presenterte som perler på snor.

I år opnar me også for lokal musikk. Her blir det alt frå Skogshytter i Nes til Kvedarkvintetten!

Barneprogram



– MAMMA, DET ER INGEN SOM VIL LEIKE MED MEG!

Andungen ser ikkje ut som syskena sine, og dei andre dyra på garden vil ikkje vere saman med henne. Det Andungen ynskjer seg mest i verda er ein venn. Forestillinga er basert på H. C. Andersens eventyr om Den stygge andungen.

Musikk- og teaterforestilling for barn 3–8 år. Varar i om lag 40 minutt.

Gratis for barn. Vaksne: enkeltbillett kr 100,- eller gjennomgangsbillett.

Trugeholu kl. 12.30 og 14.00

Program

Fredag 17. november

19.30	La oss ta den blå himmelen med storm Musikk: Erlend Apneseth og Stephan Meidell. Dikt: Odveig Klyve <i>Ål bibliotek</i>
-------	---

Laurdag 18. november

12.00	Opning Thor Warberg: Hallingband i 100 år Musikk v/lokale band <i>Storesalen</i>	
12.30		Barneteater: Andungen <i>Trugeholu</i>
12.45	Bergljot Kaslegard: Det som nesten er sant – i samtale med Monica Isakstuen <i>Nesch-museet</i>	
13.30	Ål kunstforening: Opning av juleutstilling <i>Galleri Syningen</i>	Barneteater: Andungen <i>Trugeholu</i>
14.15	Monica Isakstuen <i>Nesch-museet</i>	
15.00	Ingunn Thon: Ollis – for voksne <i>Veslesalen</i>	
15.30	Lokale bøker og CD-ar på 5 minutt <i>Veslesalen</i>	
16.15	Geir Lundestad: Drømmen om fred på jord <i>Trugeholu</i>	

Enkeltillett kr 100,- / gjennomgangsbillett kr 250,- / gratis for barn. Billetter kan kjøpast på hallingbillett.no eller på Ål kulturhus. Forfatarane signerer bøker etter kvart innslag på boktorget i nedre foajé.



Maria Sandsmark: BLÅTT SPEIL (2017)

JULEUTSTILLING

Ål kunstforening opnar si tradisjonsrike juleutstilling i Galleri Syningen kl. 13.30. Det blir utstilling og sal av blant anna teikning, måleri, skulptur, keramikk og smykke.

Makalaus Mat AS
Søndre Gjestestugu
TEL: 90417730
Trosseløkkveien 8, 2011

– du møter oss i kafeen på Bokmessa!

Småmat m/loff og lufseking:	kr 125,-
Kaker:	kr 30,-
Kaffi:	kr 10,-



ÅL KULTURHUS